



Alternativt budsjett 2026

Meir omfordeling og mindre ulikskap i heile fylket

Eit budsjett for rettferd og utjamning

Raudt Vestland presenterer eit budsjett i balanse som omfordeler for å utjamne økonomiske, geografiske og sosiale skilnader. Vi prioriterer fellesskap, velferd og sterke lokalsamfunn framfor sentralisering og marknadsstyring. Vestland sine ressursar skal byggje tryggleik, arbeid og gode liv – uansett kvar du bur og kor tjukk lommeboka di er.

Desentralisert opplæring – kompetanse for framtida

Raudt vil styrkje den offentlege, desentraliserte vidaregåande skulen og sikre reell rett til opplæring nær heimstaden. God kompetansopolitikk er grunnlaget for sysselsetting og levande lokalsamfunn. Vi prioriterer heile stillingar, styrkt laget rundt eleven og ein tillitsreform i samarbeid med fagbevegelsen.

Vi foreslår:

- Styrkje desentralisert skule, fagbrev på jobb og læreplassar i eigen organisasjon.
- Sikre heile stillingar for miljøarbeidarar utan lønskutt (*verbalpunkt: Rett til heile stillingar*).
- Praktisere retten til heil stilling i heile organisasjonen.
- Utvikle ei tillitsreform med fagbevegelsen.
- Tiltak for lågare sjukefråvær i tråd med NOU 2023 og NOU 2025. (Kvinnehelse)
- Auka rammer til opplæringssektoren og styrka kontaktlærarressurs.
- Systematisk antimobbe-arbeid basert på kvalitetsmeldinga og elevundersøkinga.
- Innføre lærlingråd, satse på fleire vegar til fullført utdanning og jobbe for at kommunane bidrar med læreplassar innan helse og oppvekst
- Gjere PC-ordninga rettferdig: fylket skal dekke mellomlegget for VG1, med mål om gratis skule-PC for alle (*verbalpunkt: Gratisprinsippet*).

Rettferdig næringspolitikk og vern av naturen

Raudt vel grøn vekst i naturen framfor grøn vekst i marknaden. Vi seier nei til vindkraftutbyggingar, kryptoutvinning og annan industri som øydelegg natur for profitt. Fylket må bruke planmynde til å stanse naturtap og byggje lokal næring og industri.

Vi foreslår:

- Fleire offentlege oppdrag til Vestlandske verft og lokalt næringsliv.
- Avvise alle planar om meir vindkraft på land og til havs.
- Styrke ENØK, ta straumen av børs og innføre pristak på 35 øre/kWh.
- Strengare regulering av naturinngrep og betre arealrekneskap (*verbalpunkt: natur og arealforvaltning*).
- Spele på lag med landbruket for matberedskap.

Kultur, idrett og inkludering

Kultur og idrett byggjer fellesskap, demokrati og folkehelse. Raudt vil sikre at tilgangen til kultur og aktivitet ikkje blir eit byfenomen, men eit fellesgode for heile fylket. Vi prioriterer antirasisme, inkludering og kulturbygg som styrkjer lokalsamfunn og identitet.

Vi foreslår:

- Auka tilskot til kultur, aktivitet og inkluderande tiltak for barn, unge og eldre.
- Regionale kulturinstutisjonar: Astruptunet, Fyllingsdalen Teater, Urnes verdsarvsenter, Kunstnarsenteret i Sogn og Fjordane.
- Desentralisert kulturtilbod – inkludert støtte til Litteraturbåten Epos (*verbalpunkt om Epos*).
- Styrkt arbeid som Antirasistisk sone, støtte til DIME og søkbar pott for antirasisme.
- Vidare samarbeid med Kirkens Bymisjon, Mennesker i Limbo og Robin Hood-huset for å sikre papirlause tilgang til tenester.
- Bygningsvern som samarbeid mellom kultur og opplæring for å styrkje tradisjonelle handverksfag (*verbalpunkt om bygningsvern*).
- Stiftelsen Lenken og framtidsretta formidling av krigsminne (*verbalpunkt om krigsminne*).

Samferdsel og mobilitet – gratis og rettferdig kollektivtrafikk

Raudt si største satsing er eit gratis og rettferdig kollektivtilbod som styrkjer klima, økonomi og sosial utjamning. Vi prioriterer trygge vegar, distriktstilbod og korrespondanse mellom buss og ferje.

Vi foreslår:

- Gratis kollektiv for barn t.o.m. 16 år.
- Frys av takstar på 2025-nivå.
- Kollektivtransport i eigenregi, anbod for anbod.
- Vegdrift og infrastruktur i eigenregi. (*Verbalpunkt: Eigenregi vegdrift*)
- Betre ruteproduksjon i distrikta og forutsigbar korrespondanse med ferje/hurtigbåt (*verbalpunkt: korrespondanse kollektiv*).
- Prioritere vedlikehald, tryggleik og rassikring på fylkesvegane.

Tannhelse – ei hjørnetann i velferden

For å realisere ei reell tannhelsereform må den offentlege tannhelsetenesta bli kraftig styrka.

Vi foreslår:

- Fleire klinikkar og aktiv rekruttering av tannhelsepersonell.
- Styrkje offentleg tannhelse i heile fylket.
- Flytte tannhelse til kultur og folkehelse for sterkare demokratisk forankring (*verbalpunkt: administrativ omstilling*).

Internasjonalt ansvar og solidaritet

Vestland skal vere ei tydeleg stemme for fred, rettferd og menneskerettar.

Rødt meiner:

- Halde fram den humanitære støtta til Ukraina.
- Gje støtte til Gaza og Vestbreidda gjennom Redd Barna og Norwac (*verbalpunkt: solidaritet*).
- Møte EØS-brot og tollmurar frå EU med politiske tiltak som tryggjer industrien sine rammevilkår.
- Innkjøp i tråd med folkeretten – fase ut HP og prioritere leverandørar utan tilknytning til okkupasjon (*verbalpunkt: folkeretten*).

Finansiering og saldering

Rødt sitt budsjett er fullt finansiert gjennom omprioriteringar, reduksjon av byråkrati og kutt som ikkje går utover velferden. Vi omstiller administrasjonen, senkar konsulentbruk og styrkjer eigenregi.

Vi foreslår:

- Kutt i politiskar-godtgjersler.
- Omstilling i administrasjonen: fjerne to direktørstillingar, lønsmoderasjon i fire år (*verbalpunkt: administrativ omstilling*).
- Kraftig kutt i konsulentbruk.
- Avvikle anbod og innføre eigenregi i reinhald, kollektiv og etter kvart fylkesvegdrift.
- Oppgåvegjennomgang i INV for effektivisering og teknologi.
- Redusere driftsoverskotet med 0,9 %.
- Følgje opp seriøsitetskrav med eit dedikert årsverk (*verbalpunkt: seriøst arbeidsliv*).
- Arbeide for auka rammer over statsbudsjettet.
- Sak om tilbakebetaling av tapt rentekompensasjon frå staten knytt til premieavviket (*verbalpunkt: premieavvik*).

Navn	Utgifter 2026	2027	2028	2029
Saldering				
Nedsetting av driftsoverskot til (1,5% frå 2,4% i 2026)	-162 282 344,00 kr	-80 000 000,00 kr	-70 000 000,00 kr	-50 000 000,00 kr
Forventa auke i rammetilskot frå regjeringa	-135 000 000,00 kr	-200 000 000,00 kr	-200 000 000,00 kr	-200 000 000,00 kr
Justering av politikargodtgjersle	-9 000 000,00 kr	-9 000 000,00 kr	-9 000 000,00 kr	-9 000 000,00 kr
Kronetillegg av direktørløn	-700 000,00 kr	-800 000,00 kr	-900 000,00 kr	-1 000 000,00 kr
Kronetillegg av leiarløn	-5 000 000,00 kr	-5 000 000,00 kr	-5 000 000,00 kr	-5 000 000,00 kr
Havbruksfondet	-58 702 656,00 kr	0,00 kr	0,00 kr	0,00 kr
Justering av konsulentbruk	-25 000 000,00 kr	-25 000 000,00 kr	-25 000 000,00 kr	-25 000 000,00 kr
Justering reiser, kurs og møter	-10 000 000,00 kr	-10 000 000,00 kr	-10 000 000,00 kr	-10 000 000,00 kr
Administrativ omstilling	-3 000 000,00 kr	-3 000 000,00 kr	-3 000 000,00 kr	-3 000 000,00 kr
Totalt	-408 685 000,00 kr	-332 800 000,00 kr	-322 900 000,00 kr	-303 000 000,00 kr
SAMO				
Prisauke redusert til 0% på kollektivtransport	48 000 000,00 kr	48 000 000,00 kr	48 000 000,00 kr	48 000 000,00 kr
Gratis kollektiv til 90+	2 500 000,00 kr	2 500 000,00 kr	2 500 000,00 kr	2 500 000,00 kr
Redusert pris på ungdomskortet til 399	3 500 000,00 kr	3 500 000,00 kr	3 500 000,00 kr	3 500 000,00 kr
Gratis skuleskyss for stor-Bergen	9 000 000,00 kr	9 000 000,00 kr	9 000 000,00 kr	9 000 000,00 kr
Effektivisering drift av fylkesveg gjennom auka eigenregi	-5 000 000,00 kr	-15 000 000,00 kr	-20 000 000,00 kr	-30 000 000,00 kr
Kollektivtransport i eigenregi	20 000 000,00 kr	10 000 000,00 kr	-10 000 000,00 kr	-20 000 000,00 kr
Auke i bilettid for Sone A frå 60 min til 90 min	15 000 000,00 kr	15 000 000,00 kr	15 000 000,00 kr	15 000 000,00 kr
Gratis kollektiv til og med 16 år	50 000 000,00 kr	50 000 000,00 kr	50 000 000,00 kr	50 000 000,00 kr
Auke ruteproduksjon distrikt	25 000 000,00 kr	25 000 000,00 kr	25 000 000,00 kr	25 000 000,00 kr
Auke passasjergrunnlag	-5 000 000,00 kr	-7 500 000,00 kr	-10 000 000,00 kr	-12 500 000,00 kr
Vedlikehald Fylkesveg	30 000 000,00 kr	30 000 000,00 kr	30 000 000,00 kr	30 000 000,00 kr
Slå saman takstzone F og A	6 000 000,00 kr	6 000 000,00 kr	6 000 000,00 kr	6 000 000,00 kr
Totalt	199 000 000,00 kr	176 500 000,00 kr	149 000 000,00 kr	126 500 000,00 kr
OPKO				
kronetillegg i lønnsauke for leiarstillingar i skulen	-11 500 000,00 kr	-12 000 000,00 kr	-12 500 000,00 kr	-13 000 000,00 kr
Reduksjon overtalligheit av leiarstillingar	-1 000 000,00 kr	-2 000 000,00 kr	-3 000 000,00 kr	-4 000 000,00 kr
Fagskulen	5 000 000,00 kr	5 000 000,00 kr	5 000 000,00 kr	5 000 000,00 kr
Tiltak auka fullføring og formidling til læreplass	20 000 000,00 kr	20 000 000,00 kr	20 000 000,00 kr	20 000 000,00 kr
Tilrettelagd undervising	6 000 000,00 kr	7 000 000,00 kr	8 000 000,00 kr	9 000 000,00 kr

Hyssingen + Produksjonsskule	1 500 000,00 kr	1 500 000,00 kr	1 500 000,00 kr	1 500 000,00 kr
Fagbrev på jobb (offentleg sektor)	10 000 000,00 kr	10 000 000,00 kr	10 000 000,00 kr	10 000 000,00 kr
Ekstra Kontaktlærar	15 000 000,00 kr	15 000 000,00 kr	15 000 000,00 kr	15 000 000,00 kr
Utstyrsmiddler	15 000 000,00 kr	15 000 000,00 kr	15 000 000,00 kr	15 000 000,00 kr
Etablera lærlingråd	525 000,00 kr	525 000,00 kr	525 000,00 kr	525 000,00 kr
Skulebibliotek	5 000 000,00 kr	5 000 000,00 kr	5 000 000,00 kr	5 000 000,00 kr
100% lønn Miljø/fagarbeiderar	14 700 000,00 kr	14 700 000,00 kr	14 700 000,00 kr	14 700 000,00 kr
Gratis skule-PC	6 020 000,00 kr	6 020 000,00 kr	20 000 000,00 kr	20 000 000,00 kr
Tilsette musikkterapeutar	3 200 000,00 kr	3 200 000,00 kr	3 200 000,00 kr	3 200 000,00 kr
Totalt	89 445 000,00 kr	88 945 000,00 kr	102 425 000,00 kr	101 925 000,00 kr
KULI+Tannhelse				
Prisjustering tilskotsordningar	5 400 000,00 kr	8 300 000,00 kr	11 400 000,00 kr	14 500 000,00 kr
Støtte Litteraturbåten EPOS	2 000 000,00 kr	2 000 000,00 kr	2 000 000,00 kr	2 000 000,00 kr
Antirasistisk sone tilskotspott	2 500 000,00 kr	2 500 000,00 kr	2 500 000,00 kr	2 500 000,00 kr
DIME	1 000 000,00 kr	1 000 000,00 kr	1 000 000,00 kr	1 000 000,00 kr
Tiltak for å betre papirlause sin situasjon	1 500 000,00 kr	1 500 000,00 kr	1 500 000,00 kr	1 500 000,00 kr
Robin Hood huset	250 000,00 kr	250 000,00 kr	250 000,00 kr	250 000,00 kr
Den kulturelle spaserstokken	500 000,00 kr	500 000,00 kr	500 000,00 kr	500 000,00 kr
Auke løyvingnivå fysisk aktivitet og inkludering	14 500 000,00 kr	14 500 000,00 kr	15 000 000,00 kr	15 000 000,00 kr
Auke løyvingnivå kulturutvikling	14 500 000,00 kr	14 500 000,00 kr	15 000 000,00 kr	15 000 000,00 kr
Humanitær hjelp til Gaza	2 000 000,00 kr	2 000 000,00 kr	2 000 000,00 kr	2 000 000,00 kr
Humanitær hjelp til Ukraina	2 000 000,00 kr	2 000 000,00 kr	2 000 000,00 kr	2 000 000,00 kr
Espeland fangeleir - Stiftelsen Lenken prosjektmidler	600 000,00 kr	600 000,00 kr	600 000,00 kr	600 000,00 kr
Bergen/Vestland døveforbund	500 000,00 kr	500 000,00 kr	500 000,00 kr	500 000,00 kr
Aldri alene	450 000,00 kr	450 000,00 kr	450 000,00 kr	450 000,00 kr
ROS	1 000 000,00 kr	1 000 000,00 kr	1 000 000,00 kr	1 000 000,00 kr
Skeivt Arkiv	500 000,00 kr	500 000,00 kr	500 000,00 kr	500 000,00 kr
Tannhelsestruktur - auke rekrutering og auke i klinkikkar	15 000 000,00 kr	15 000 000,00 kr	15 000 000,00 kr	15 000 000,00 kr
Astruptunet	20 000 000,00 kr	0,00 kr	0,00 kr	0,00 kr
Fyllingsdalen teater	20 000 000,00 kr	0,00 kr	0,00 kr	0,00 kr
Urnes verdensarvsenter	16 000 000,00 kr	0,00 kr	0,00 kr	0,00 kr
Kunstnarsenteret i Sogn og Fjordane	1 540 000,00 kr	1 540 000,00 kr	1 540 000,00 kr	1 540 000,00 kr
Bergen Kjøtt	300 000,00 kr	300 000,00 kr	300 000,00 kr	300 000,00 kr
Totalt	122 040 000,00 kr	68 940 000,00 kr	73 040 000,00 kr	76 140 000,00 kr
Næring				

Stavanger2Bergen	-200 000,00 kr	0,00 kr	0,00 kr	0,00 kr
One ocean week	-1 500 000,00 kr	-1 500 000,00 kr	-1 500 000,00 kr	-1 500 000,00 kr
Innsparing Næring, plan og innovasjon	-5 000 000,00 kr	-5 000 000,00 kr	-5 000 000,00 kr	-5 000 000,00 kr
Sommarjobb Ungdom	500 000,00 kr	500 000,00 kr	500 000,00 kr	500 000,00 kr
Varmare våtare villare	400 000,00 kr	400 000,00 kr	400 000,00 kr	400 000,00 kr
Fairplay bygg	3 000 000,00 kr	3 000 000,00 kr	3 000 000,00 kr	3 000 000,00 kr
Seiøsitetskrav koordinator INV	1 000 000,00 kr	1 000 000,00 kr	1 000 000,00 kr	1 000 000,00 kr
Totalt Næring	-1 800 000,00 kr	-1 600 000,00 kr	-1 600 000,00 kr	-1 600 000,00 kr
Totalbalanse driftsbudsjett	0,00 kr	-15 000,00 kr	-35 000,00 kr	-35 000,00 kr

Verbalpunkter Raudt Vestland:

1. **Seriøst arbeidsliv**

Fylkestinget i Vestland ser behovet for et koordinerende årsverk som skal sikre at seriøsitetskrava blir fulgt av bedriftene som vinn anbodskonkurransane. Dette er spesielt viktig på anbod innan infrastruktur og veg. Dette er bransjar som har fleire og meir alvorlege problem med useriøse aktørar, og kor det er ekstra viktig at fylkeskommunen får kontroll for etterlevelse av vilkåra i egne kontraktar. Eit slikt årsverk skal bidra med kunnskap om tariffkrava i dei ulike bransjane, samt sørge for nødvendig koordinering med forbund med innstillingsrett, LO, Fair Play Bygg og Anlegg Vestland.

2. **Tillitsreform i lag med fagbevegelsen**

Fylkestinget anerkjenner alle fag-gruppene som kvar dag står på for å produsere fylkeskommunale tenester. Fylkestinget vil styrke tilliten i organisasjonen, byggje betre tenester i eigenregi, gjennomføre ein administrativ omstilling der leiarskiktet skal modererast. Grunnplanet skal styrkast ved å satse på beste praksis, gjennom ein tillitsreform der tiltak for betre arbeidsvilkår og lågare sjukefråvær skal ta inspirasjon frå NOU 2023- kvinnehelse og NOU 2025 -Kvinnens arbeidshelse.

3. **Innkjøp i tråd med folkeretten**

Fylkeskommunen skal avvike sine innkjøp av Hewlett-Packard produkt innan IKT utstyr. Fylkeskommunen skal vekte leverandørar som ikkje kan knyttast til stater som bryt med folkeretten eller driver med ulovleg okkupasjon, i innkjøp av IKT utstyr.

4. **Stiftelsen lenken**

Ein organisasjon som arbeidar for å samle og koordinere krigsminne i Vestland, med mål om å utvikle heilskaplege opplevingar som foreinar undervisning, turisme og næringsliv. I ei tid der tidsvitnene blir færre og færre er det verdifullt å få samla og koordinert kunnskap og kompetanse hos lokale frivillige slik at kommande generasjonar

får kjennskap til sin lokale krigshistorie. Fylkestinget i Vestland anerkjenner det viktige arbeidet som Stiftelsen Lenken gjør, og ber om ei sak som syner korleis fylkeskommunen har følgd opp tidlegare vedtak om kartlegging av krigsminner og korleis Stiftelsen lenken kan vere ein mogleg samarbeidspartnar for å oppnå dette. Saka skal vere framtidsretta og vise korleis eit utval krigsminner kan aktualiserast i samband med undervisning, turisme og næringslivet.

5. Epos litteraturbåt - som del av kampanjen for leselyst.

Epos er ikkje berre eit distriktsretta lågterksel kulturtilbod med fokus på litteratur, i tillegg har dei satsa stort på nynorsk og er medlem "Nettverket Nynorskfylket Vestland". Vestland fylkesting anerkjenner Litteraturbåten Epos sitt bidrag til geografisk utjamning i tilgangen til nynorsk litteratur og kultur. Vestland fylkesting ber om ei sak som syner korleis Litteraturbåten Epos kan bidra til "Ungdom les!" i samarbeid med biblioteka i heile fylket.

6. Bygningsvern

Fylkestinget anerkjenner fylkeskommunen si viktige rolle innan Bygningsvern -og vil utvikle samarbeid med opplæringssektoren for å videreføre handverksfag i lag med kulturavdelinga om bygningsvern. Fylkestinget ber om ei sak som syner potensialet i eit breiare samarbeid mellom dei som arbeidar med våre lovpålagte oppgåver på bygningsvern, og dei som jobbar med tradisjonelle handverksfag anten i vidaregåande skule eller/og fagskulen

7. Solidaritet

Fylkestinget vedtar å gi støtte til Redd Barna og Norwac sitt arbeid for å redde liv i Gaza og på vestbredden

8. Premieavvik og rentekompensasjon

På side 71 i Kommuneproposisjonen 2026 blir det så vidt omtala at det enorme balanseførte premieavviket påfører kommunane (og fylka) eit rentetap:

«Eit så stort premieavvik har hatt negative konsekvensar for kommunesektoren si likviditet, noko som fører med seg kostnader for kommunane i form av lågare renteinntekter eller høgare renteutgifter. Denne ulempa blir ikkje sektoren særskilt kompensert for.»

Vestland fylkesting ber regjeringa kompensere fylkeskommunen for rentetapet som følgjer av premieavviket, og ber fylkesordførar gå i dialog med KDD – i samarbeid med Bergen kommune og KS – for å sikre at full kompensasjon for 2025 blir lagt inn i revidert nasjonalbudsjett 2026

9. Gratis-prinsippet

PC er eit naudsynt verktøy i skulekvardagen til alle elevar i fylket. I dag må elevar ut med ein egenandel på 2000kr for å kjøpe inn den billegaste PCen gjennom fylkeskommunen sin eigen subsidierte ordning. Når det minste utstyrsstipendet er på 1398kr så førar dette til at dei fattigaste elevane må nytte seg av ei ordning der dei betalar ned PCen over fleire år, men til ein dyrare sluttpris. Dette er urettferdig og usosialt. Fylkeskommunen skal dekke mellomlegget på 602kr for alle elevar som går VG1 for at utstyrsstipendet skal dekke heile kostnaden ved PC-kjøpet. På sikt skal fylkeskommunen dekke heile eigenandelen på 2000kr for å gjere skule-PC heilt gratis.

10. Administrativ omstilling leiarnivå

Avdeling for IKT/Tannhelse blir splitt, tannhelse kjem inn under avdeling forkultur og folkehelse og blir politisk underlagt KULII for å styrke demokratisk forankring innafor sektoren. IKT blir lagt under avdeling for organisasjon og økonomi. Det blir ikkje tilsett ny direktør for MOK. Skyss og MOK blir leia som heilskapleg eining.

11. Rett til heile stillingar

Fylkestinget anerkjenner at laget rundet eleven er kritisk for å oppfylle vårt ansvar jmf Opplæringslova. Fylkestinget i Vestland oppfordrar skulane til å sikre at alle som vil ha 100% stilling som miljøarbeider (utan lønsredusksjon) skal få dette innfridd med oppgåver som baserer seg på konkrete behov ute på skulane. Dette skal skje via forhandlingar med partane om arbeidsoppgåver og arbeidstidsfordeling.

12. Natur og arealforvalting

Fylkestinget anerkjenner at påverknad på natur er tatt inn som eit kriterium som blir vurdert i alle saker som kjem til handsaming på politisk nivå. Fylkestinget i Vestland vil bidra til at regionalt arealrekneskap tas i bruk for å hindre at naturen blir bygga ned bit for bit. Dette arbeidet må bli koordinert slik at heile økosystem blir sett i samanheng med planarbeid i alle kommunane, gjennom strengare regulering og samarbeid med andre fylkeskommunar.

13. Korrespondanse på kollektivtrafikk

Vestland fylkesting ber om at det i framtidig planlegging av ruteproduksjon, blir tatt omsyn til og etterstreba å få til korrespondanse mellom buss og ferje/hurtigbåt, som eit minimum må det prioriterast å få dette til i morgon og ettermiddagsrushet.

14. Eigenregi vegdrift

Fylkestinget ber om ei sak som syner korleis ein best kan ta drifta av vegdrift i eigenregi, der drifta skjer via eigen avdeling i fylkeskommunen. Saka skal syne kva delar av vegdrifta som er best eigna og kva delar av drifta som er minst eigna til eigenregi, samt utgreie potensialet til eeffektivisering og betre samhandling mellom kommune og fylke der dette kan gi fordelar for fleire partar og omsynet til innbyggjarane sin trafikksikkerheit er delt. Det er naturleg at arbeidstakar og arbeidsgjevarorganisasjonane blir involvert tidleg i prosessen. Saka skal på høyring før den kjem til handsaming i fagutvala og fylkestinget.

15. Ekspressbuss og skyss samarbeid

Fylkestinget ber administrasjonen ta initiativ til ein prosess med aktørane i ekspressbussmarknaden for å harmonisere billettssystema mellom Skyss og ekspressbussane som trafikkerer innad i vestland fylke . Målet er at reisande skal kunne nytte Skyss-billettar på strekningar der ekspressbussane fungerer som ein del av den regionale kollektivtransporten, særleg i ytterkantane av fylket og på strekningar med få alternative rutetilbod. Administrasjonen skal innan våren 2026 kome tilbake til fylkestinget med ei vurdering av mogleg modell for integrert takstsystem, potensielle kostnader, juridiske avklaringar og behov for kompensasjonsordningar for operatørane.